



Arkivnr: 2014/15795-6

Saksbehandlar: David J. Aasen Sandved, Tor Titlestad, Per Morten Ekerhovd

Saksframlegg**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---------------------------|--------|------------|
| Kultur- og ressursutvalet | | 01.10.2015 |
| Fylkesutvalet | | 29.10.2015 |

Invitasjon til medlemskap i "Norges Verdensarv". Ufyllande informasjon**Samandrag**

Den 10.09.2015 vedtok KURE i sak PS 145/15 *Invitasjon til medlemskap i «Norges Verdensarv»* følgjande:

«*Saka vert utsett til neste Kultur- og ressursutvalsmøte i påvente av meir informasjon.»*

Ufyllande informasjon

I høve Norges Verdensarv sine vedtekter forpliktar ikkje fylkeskommunane seg til noko utover den årlege medlemskapsavgifta på 20 000 kr. Administrasjonen har sidan 2007 prioritert å delta i nettverksorganisasjonen, då dette støttar opp om fylkeskommunen sitt ansvar med kulturminne og museum, og vårt arbeid med forvaltning, formidling og kulturbasert næringsutvikling. Fylkeskommunen sitt arbeidet med dette er forankra i vedteken Regional plan for kultur 2015-2025, innsatsområde 5.5.19 der det som mål for arbeidet med verdsarv heiter:

| | |
|----|--|
| 1. | Forvaltinga av verdsarven i Hordaland skal ha lokal, regional og nasjonal forankring. |
| 2. | Kartlegging, sikring og bevaring er grunnlag for berekraftig forvaltning av verdsarven og tilrettelegging for verdiskaping og samfunnsutvikling. |

Fylkeskommunen har med 1-2 representantar delteke i utviklinga av organisasjonen og vore representert på konferansen «Verdensarvforum», som årleg vert arrangert av Norges Verdensarv. Medlemskap i Norges Verdensarv inneber at fylkeskommunen saman med våre regionale partnerar får moglegheit til påverke det statlege engasjementet i saker som gjeld verdsarven. Erfaringa med dette arbeidet er at ein med ein relativt liten innsats kan potensielt få utløyst statlege investerings- og driftstilskot til vår region.

Ein ny, heilskapleg verdsarvpolitikk vart innlemma i Meld. St. 35 (2012–2013) Framtid med fotfeste — Kulturminnepolitikken og godkjent i statsråd 26. april 2013. Ein sentral del av den statlege verdsarvpolitikken er at det skal etablerast verdsarvsenter på kvar av dei 8 norske stadane som står på UNESCO si verdsarvliste. I 2015 har Alta, Vega og Geiranger fått autorisasjon og driftsmidlar for 5 år frå Klima- og miljødepartementet for slike lokale verdsarvsenter. Departementet har gjeve Norges Verdensarv ansvaret for å utvikle konsept for ein felles basisutstilling for alle dei 8 verdsarvstadene. Som døme kan fylkeskommunen sitt engasjement i Norges Verdensarv og utviklinga av ein felles basisutstilling for verdsarven utløyse statlege investeringsmidlar kring 1,5 – 5,5 millionar kroner.

Bryggen i Bergen har dei siste åra opplevd ein aukande tilstrøyming av turistar, utan at kapasiteten på formidling og tilrettelegging har vore styrka. Turismen representerer både økonomisk verdiskaping og utfordringar for ein berekraftig forvaltning av verdsarvstaden. Å auke kapasitet på formidlinga av verdsarvstaden vil vere eit viktig verkemiddel i ein slik samanhengen.

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune teiknar medlemskap i «Norges Verdensarv»
2. Årlig medlemskontingent på kr 20 000,- vert dekka innanfor nettoramma til Kultur- og idrettsavdelinga

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 17.09.2015

I Hordaland er Bryggen i Bergen (1979) og Vestnorsk fjordlandskap på Voss (2005) skrivne inn på UNESCO si verdsarvliste.

Hordaland fylkeskommune er invitert til å teikne medlemskap i eit nasjonalt nettverk av verdsarvstader kalla «Norges Verdensarv». Organisasjonen vart skipa i 2007 og skal fremje dei norske verdsarvområda sine felles interesser i høve statlege styremakter i Klima- og miljødepartementet, Riksantikvaren og Miljødirektoratet. Norges Verdensarv har utvikla seg til eit landsdekkande treffpunkt for samråding og utvikling av verdsarvstadene.

Frå 2014/2015 opna Norges Verdensarv for teikning av medlemskap bl.a. for kommunar og fylkeskommunar. I Hordaland har både Bergen kommune og Voss kommune teikna medlemskap. Fylkesrådmannen rår til at Hordaland fylkeskommune gjer det same. Det vert lagt til grunn at medlemskap styrker arbeidet med å utvikle potensialet som ligg i verdsarvstatusen, både av omsyn til forvaltning, formidling og kulturbasert næringsutvikling i dei aktuelle kommunane og i Hordaland elles. Årskontingenten for fylkeskommunane er kr. 20.000.

Bakgrunn for saka:

Alle kommunar og fylkeskommunar med verdsarv innanfor grensene sine er inviterte til å teikne medlemskap i eit nasjonalt nettverk av verdsarvstader kalla «Norges Verdensarv».

Om verdsarven:

Konvensjonen for vern av verda si kultur- og naturarv vart vedteke av UNESCO i 1972 etter at viktige kulturminne og naturområde i aukande grad hadde vorte utsett for press i form av krig, naturkatastrofar, forureining, turisme eller forfall.

Norge ratifiserte Verdensarvkonvensjonen 12. mai 1977 og fekk dei to første stadene, Bryggen i Bergen og Urnes stavkyrkje inn på lista i 1979.

I tråd med konvensjonen, forpliktar landa seg til å ta vare på både nasjonale kultur- og naturminne og stader som står på verdsarvlista. Konvensjonen oppmodar landa til å integrere verdsarven i den generelle arealplanlegginga og å gje stadene den høgste juridiske beskyttelse som et kulturminne og naturområde kan få heimla i nasjonal lovgjeving, samt å ta i vare stadene med omsyn til personale, service og formidling.

Noreg har fått oppført 8 stader på verdsarvliste. I Hordaland er *Bryggen i Bergen* (1979) og *Vestnorsk fjordlandskap* på Voss (2005) innskrivne. Talet på verdsarvstader er i vekst og omfattar pr. august 2015 37 område i Norden.

Organisasjonen Norges Verdensarv:

Norges Verdensarv vart skipa i 2007 som eit nettverk mellom eigalarar, styremakter, organisasjons- og næringsliv mv for drøfting av felles utfordringar, erfaringsutveksling og kompetanseheving. Organisasjonen har som mål å samordne, ta i vare og fremje dei norske verdsarvområda sine felles interesser andsynes statlege styremakter i Klima- og miljødepartementet, Riksantikvaren og Miljødirektoratet. Organisasjonen representerer dei norske verdsarvstadene i det nordiske verdsarvnettverket.

Norges Verdensarv har vore ein av pådrivarane for utviklinga av ein heilskapleg, nasjonal verdsarvspolitikk der kommunar og fylkeskommunar får ei tydeleg rolle for verdsarven.

Frå 2014/2015 vart Norges Verdensarv opna for medlemskap bl.a. for kommunar og fylkeskommunar. I Hordaland har både Bergen kommune og Voss kommune teikna medlemskap. Årskontingenten for fylkeskommunane er kr. 20 000,-

Fylkesrådmannen si vurdering:

Som Noregs første vart Bryggen i Bergen saman med Urnes stavkyrkje innskrivne på verdsarvlista i 1979. Bryggen vart freda som kulturminne allereie i 1927 og er i dag ein viktig del av fylkeskommunen sitt forvalningsansvar med heimel i kulturminnelova. Vestnorsk fjordlandskap kom inn på lista i 2005 og delar av dette ligg i Voss kommune. Frå 2005 har fylkeskommunen si politiske leiing vore representert i

Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap. Begge desse verdsarvområda har vore viktige i formainga av den regionale kultur- og arealpolitikken og statusen har vist seg å ha stor positiv effekt på tilgrensande område, mellom anna reiseliv.

Som eit landsomfattande treffpunkt for utvikling av verdsarvstadene har Hordaland fylkeskommune nyttat nettverket Norges Verdensarv frå 2007 og fram til omdanninga til medlemsorganisasjon 2014/2015. Fylkeskommunen har delteke i utviklinga av organisasjonen og vore representert på konferansen «Verdensarvforum» som årleg vert arrangert av Norges Verdensarv.

Fylkesrådmannen legg vekt på at arbeidet i denne nettverksorganisasjonen støttar opp om fylkeskommunen sitt ansvar med kulturminne og museum, og vårt arbeid med forvaltning, formidling og kulturbasert næringsutvikling. Vidare er dette arbeidet forankra i vedteken Regional plan for kultur 2015-2025, innsatsområde 5.5.19.

Medlemskapen i «Norges Verdensarv» forpliktar ikkje fylkeskommunen ut over kontingensten på kr 20.000. Midlane vert dekt innan nettoramma til Kultur – og Idrettsavdelinga.

Etter ei samla vurdering ser Fylkesrådmannen at teikning av medlemskap er viktig for vidare utvikling av det potensialet som ligg i verdsarven i Hordaland, både av omsyn til forvaltning, formidling og kulturbasert næringsutvikling.